



Radøy kommune

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2991 - 14/12169

Saksbehandlar:
Kjersti Flatråker
kjersti.flatraker@radoy.kommune.no

Dato:
10.11.2014

Delingssak gbnr 79/11 Tjore nedre/Austmarka - deling av eigedom - tilleggsareal til næringstomt


Delegasjonssak nr.: 260/2014

Saksutgreiing:

Me viser til søknad motteke 4. november 2014.

Heimelshavar

Radøy kommune er heimelshavar til eigedomen det søkjast deling i frå.



Tiltak


Det er søkt om deling av 2 parsellar frå gbnr 79/11 med føremål å leggje areala til 2 næringstomt. Næringstomtane har gbnr 79/107 og 79/110. Storleiken på arealet er i søknaden oppgjeve til å vere ca 2000 m².

Dokumentasjon og opplysningar i søknaden

Det er fatta vedtak om å selgje kommunal grunn i formannskapet sak 091/12 journalnummer 11/879.

Planstatus

Arealet ligg i regulert område innfor det som i reguleringsplan for «Austmarka øvre – detaljplan bustad og næring samt infrastruktur», PlanID 12602010000100, er definert som område med arealføremål næring og bensinstasjon samt infrastruktur. Føremåls grensene i planen følgjer ikkje eigedomsgrensene.



Nabovarsling


Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Dei mest aktuelle naboane å varsle er 79/110, 79/107 og 79/109. Eigarane av desse eigedomane er allereie involvert i saka, ettersom det er deira eigedomar som skal ha tilleggsarealet. Mot nord og aust vert ikkje naboane råka då det framleis ligg kommunal eigedom i mellom. Frådelinga er i samsvar med føresetnadene i reguleringsplanen.

Fritak for nabovarsling

Rådmannen gjev fritak frå nabovarsling i saka og sender vedtaket på klagevurdering til dei aktuelle. Fritak for nabovarsling vert grunngeve i at naboar sine interesser ikkje vert råka, jf. ovanfor. Heimel er pbl § 21-3(2).

Plassering

Plassering av eigedomen er vist i situasjonsplan.



Vatn og avløp (VA)

Næringstomtane skal knytast til offentleg vassverk og avløp.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4 i reguleringsplan for området.

LOVGRUNNLAG:

Saka skal handsamast etter plan – og bygningslova § 20-1 m om deling.

VURDERING:

Tiltaket er etter rådmannen sin vurdering i tråd med arealføremål næring i plan.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Rådmannen har vurdert omsøkt tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Rådmannen finn ikkje at omsøkt tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova.

Konklusjon:

Frådeling av areal er i tråd med reguleringsplan for området. Næringsarealet er delt i to gards- og bruksnummer og det frådelte arealet skal delast mellom desse.

Vedtak

Det vert gjeve løyve til deling av gnr 79 bnr 11 som omsøkt jfr kart datert 17.11.2014, på følgjande vilkår:

1. Reguleringsplan for «Austmarka øvre – detaljplan bustad og næring samt infrastruktur» skal gjelde.
2. Det vert sett krav om samanslåing av dei nye areala og gbnr 79/107 og 79/110.

Grunngjeving av vedtaket er at delinga er i tråd med reguleringsplan for området.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 20-1m (deling) og naturmangfaldslova §§ 8-12.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Kjersti Flatråker
arealplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Radøy kommune